

Bergen internasjonale filmfestival
Georgernes Verft 12
5011 BERGENDato: 28.04.2014
Vår ref.: 2014/10847-36
Saksbehandlar: kjesigv
Dykkar ref.:

Dykkar referanse: Tor Fosse

Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak 2014 – Tilsegn om kr 40 000,- til Bergen internasjonale filmfestival – Green Screen under Klimafestivalen

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde prosjekt datert 29.03.2014. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver **kr 40.000,-** til prosjektet frå budsjettet for lokale miljø- og klimatiltak 2014.

Beløpet blir overført til kontonummer: 3624.64.82289

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland: <http://www.hordaland.no/miljo>

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål: Bevisstgjerung og holdningsskapande arbeid ved å presentere filmar om klima og miljøutfordringar for festivalpublikum så vel som skuleelever i Hordaland.

Enkel beskrivelse av prosjektet:

1. Bergen kommunes Klimafestival: Presentere ei rekkje filmar om miljø og klima.
2. Filmar spesifikt innretta mot vegetasjon og skoganes betydning, med spesielt tanke på regnskogane.

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Tor Fosse

Planlagt slutt: 01.10.14

3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

Totale kostnader	kr 740.000
Sum	kr 740.000

Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune, klima- og miljøtiltak 2014	kr 40.000
Anna finansiering	kr 700.000
Sum	kr 740.000

4. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Når prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport med rekneskap til Hordaland fylkeskommune.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Kjetil Sigvaldsen, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Gudrun Mathisen
leiar

Kjetil Sigvaldsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

